



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset Smia
Dato: 19.04.2018
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge	Jørgen Amdam	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Prosjektleder, Nye Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann, Hornindal

Frå dei tillitsvalde møtte:

Idar Holen (Utdanningsforbundet)

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 12/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 13/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 14/18	Rapportering Nye Volda - Mars 2018
PS 15/18	Nytt kommunevåpen for nye Volda
PS 16/18	Oppnemning av medlem til kyrkjeleg fellesnemnd
PS 17/18	Endringar av domstolgrenser i samband med kommunereform
PS 18/18	Endringar av politidistriktsgrenser i samband med kommunereform
PS 19/18	Interkommunale samarbeid om Nav og landbruk – mandat til prosess i samband med kommunesamanslåing
PS 20/18	Kriteriar for endring av vegnamn ved kommunesamanslåing mellom Hornindal og Volda kommunar
PS 21/18	Orienteringssaker
OS 19/18	Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal - rev. 01.03.2018
OS 20/18	Administrativ hovudstruktur nye Volda – endeleg handsaming
OS 21/18	Tannhelseteneste
OS 22/18	Hautfest
OS 23/18	Orientering frå kontrollutvala i Hornindal og Volda
OS 24/18	Mandat for analyse av helse og omsorgstenestetilbodet

PS 12/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ingen merknadar

Sakliste:

Ingen merknadar

Røysting:

Innkalling og sakliste samrøystes vedteken.

PS 13/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Ingen merknadar

Røysting:

Møteprotokoll frå sist møte samrøystes vedteken.

PS 14/18 Rapportering Nye Volda - Mars 2018

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda tek økonomirapport pr. mars 2018 for Nye Volda til vitande

Handsaming:

Fellesnemnda tek økonomirapport pr. mars 2018 for Nye Volda til vitande

PS 15/18 Nytt kommunevåpen for nye Volda

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek kommunevåpen for Nye Volda kommune jamfør innstillinga frå Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk.

Innsendarar av vinnarforslaga til nytt kommunevåpen vert såleis premiert for si deltaking i konkurransen:

- 1. Forslagsstillar til nummer 28 og forslagsstillar til nummer 26 vert høvesvis kåra til nummer 1 og nummer 2 i den utlyste konkurransen.*
- 2. Den fastsette vinnarpremien i konkurransen på 25 000 kroner vert å dele på vinnaren (nr. 28) og forslagsstillar nr 26 slik at nr. 28 får kr 15 000 og nr. 26 kr 10 000.*

Handsaming:

Leiar i Heraldikk-komiteen, Jon Tvinnereim, vart invitert til saka for å orientere om prosess og vidare arbeid (ordførarkjede).

Randi Langlo (AP) med følgjande framlegg til alternativt vedtak:

«Fellesnemnda vedtek Hornindal kommune sitt kommunevåpen til kommunevåpen for Nye Volda.

Innsendarar av forslag til konkurransen vert såleis premier med:

- 1. Kr. 15.000 til forslagsstillar nr. 28*
- 2. Kr. 10.000 til forslagsstillar nr. 26»*

Brynhild Lund Notøy med forslag om prøverøysting før endeleg røysting.

Prøverøystinga gav følgjande resultat:

Framlegg frå Langlo: to røyster
Administrasjonens tilråding: åtte røyster

Fellesnemnda gjekk så til endeleg røysting. Dei to forslaga til vedtak vart røysta opp mot kvarandre.

Røysting:

Framlegg til alternativt vedtak fremja av Langlo fekk to røyster og fall.

Administrasjonens tilråding vedteken med åtte røyster mot to røyster.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Fellesnemnda vedtek kommunevåpen for Nye Volda kommune jamfør innstillinga frå Temakomiteen for nytt kommunenamn og heraldikk.

Innsendarar av vinnarforslaga til nytt kommunevåpen vert såleis premiært for si deltaking i konkurransen:

- 1. Forslagsstillar til nummer 28 og forslagsstillar til nummer 26 vert høvesvis kåra til nummer 1 og nummer 2 i den utlyste konkurransen.**
- 2. Den fastsette vinnarpremien i konkurransen på 25 000 kroner vert å dele på vinnaren (nr. 28) og forslagsstillar nr 26 slik at nr. 28 får kr 15 000 og nr. 26 kr 10 000.**

PS 16/18 Oppnemning av medlem til kyrkjeleg fellesnemnd

Administrasjonen si tilråding:

Syner til møteprotokoll i den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda frå 26. februar 2018 at den kommunale fellesnemnda oppnemner éin representant til å sitje i den kyrkjelege fellesnemnda.

Handsaming:

Prosjektleiar med redaksjonell endring på administrasjonens innstilling, slik at ordlyden på innstillinga vert:

«Syner til møteprotokoll i den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda frå 26. februar 2018 og den kommunale fellesnemnda oppnemner til å sitje i den kyrkjelege

fellesnemnda».

Fride Schjølberg Sortehaug med forslag om at Margrete Bjerkvik vert vald som den kommunale fellesnemnda sin representant i den kyrkjelege fellesnemnda.

Framlegg til vedtak:

«Syner til møteprotokoll i den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda frå 26. februar 2018 og den kommunale fellesnemnda oppnemner Margrete Bjerkvik til å sitje i den kyrkjelege fellesnemnda».

Røysting:

Sortehaug's framlegg til vedtak samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Syner til møteprotokoll i den kyrkjelege fellesnemnda for Nye Volda frå 26. februar 2018 og den kommunale fellesnemnda oppnemner Margrete Bjerkvik til å sitje i den kyrkjelege fellesnemnda.

PS 17/18 Endringar av domstolgrenser i samband med kommunereform

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda tilrår sterkt at den nye Volda kommune skal høyre til Søre Sunnmøre tingrett med sete i Volda, og sender førespurnad om dette til Domstolsadministrasjonen.

Handsaming:

Røysting:

Fellesnemnda slutta seg samrøystes til administrasjonens tilråding.

Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Fellesnemnda tilrår sterkt at nye Volda kommune skal høyre til Søre Sunnmøre tingrett med sete i Volda, og sender førespurnad om dette til Domstolsadministrasjonen.

PS 18/18 Endringar av politidistriktsgrenser i samband med kommunereform

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til førebels konklusjon frå Politidirektoratet om at den nye kommunen vert lagt til Møre og Romsdal politidistrikt.

Handsaming:

Røysting:

Fellesnemnda samrøystes om administrasjonens tilråding.

Tilråding i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Fellesnemnda sluttar seg til førebels konklusjon frå Politidirektoratet om at den nye kommunen vert lagt til Møre og Romsdal politidistrikt.

PS 19/18 Interkommunale samarbeid om Nav og landbruk – mandat til prosess i samband med kommunesamanslåing

Administrasjonen si tilråding:

Leiar for fellesnemnda får fullmakt til å inngå avtale med Ørsta kommune som regulerer organisering og samarbeid mellom nye Volda og Ørsta kommune i prosessen for etablering av felles tenester for Nav og landbruk for desse to kommunane.

Økonomiske ressursar til prosessen vert å kome attende til i budsjettkorrigeringsprosess.

Intensjonen bør vere at Ørsta kan halde fram som vertskommune for desse tenestene. Nye Volda sine vilkår og krav til tenestene vert å regulere i ny samarbeidsavtale med Ørsta kommune som skal godkjennast av fellesnemnda før 2020.

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Leiar for fellesnemnda får fullmakt til å inngå avtale med Ørsta kommune som regulerer organisering og samarbeid mellom nye Volda og Ørsta kommune i prosessen for etablering av felles tenester for Nav og landbruk for desse to kommunane.

Økonomiske ressursar til prosessen vert å kome attende til i budsjettkorrigeringsprosess.

Intensjonen bør vere at Ørsta kan halde fram som vertskommune for desse tenestene. Nye Volda sine vilkår og krav til tenestene vert å regulere i ny samarbeidsavtale med Ørsta kommune som skal godkjennast av fellesnemnda før 2020.

PS 20/18 Kriteriar for endring av vegnamn ved kommunesamanslåing mellom Hornindal og Volda kommunar

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda sluttar seg til konklusjonen om kriteria for endring av vegnamn:

- 1. Den vegen med flest eksisterande adressatar av dei to kommunane, beheld vegnamnet.***
- 2. Om fordelinga mellom dei to kommunane vert veldig skeiv med omsyn til antal omadresseringar, må den kommuna med færrast omadresseringar sjå på alternative vegnamn, td. om vegparsellar kan vere ei naturleg forlenging av ein annan vegparsell, eller om det er vegparsellar ein kan finne andre alternative vegnamn til.***
- 3. Om ein kan finne gode alternative vegnamn til vegar som har like eller nesten like vegnamn med nabokommunane, bør Hornindal og Volda kommunar vedta nye vegnamn og omadressere.***

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 19.04.2018

Fellesnemnda sluttar seg til konklusjonen om kriteria for endring av vegnamn:

- 1. Den vegen med flest eksisterande adressatar av dei to kommunane, beheld vegnamnet.**
- 2. Om fordelinga mellom dei to kommunane vert veldig skeiv med omsyn til antal omadresseringar, må den kommuna med færrast omadresseringar sjå på alternative vegnamn, td. om vegparsellar kan vere ei naturleg forlenging av ein annan vegparsell, eller om det er vegparsellar ein kan finne andre alternative vegnamn til.**
- 3. Om ein kan finne gode alternative vegnamn til vegar som har like eller nesten like vegnamn med nabokommunane, bør Hornindal og Volda kommunar vedta nye vegnamn og omadressere.**

PS 21/18 Orienteringssaker

OS 19/18 Prosjektplan ny kommune Volda-Hornindal - rev. 01.03.2018

Ny og revidert plan vil verte lagt inn på www.nyevolda.no.

OS 20/18 Administrativ hovudstruktur nye Volda – endeleg handsaming

Prosjektleiar Rune Sjugard orienterte om delegert vedtak om ny administrativ hovudstruktur. Sjugard kunne orientere om at følgjande leiarar har blitt, eller er i ferd med å bli, innplassert i rådmannens leiargruppe i nye Volda:

Assisterande rådmann: Ann Kristin Langeland

Kommunalsjef Helse og omsorg: Svein Berg-Rusten

Kommunalsjef Oppvekst: Per Ivar Kongsvik

Kommunalsjef Samfunnsutvikling vil verte lyst ut eksternt.

Økonomisjef: Kari Mette Sundgot
Personalsjef: Berit Lyngstad

Prosess vidare vil vere organisering av sektorane frå ferien 2018 og fram til mars/april 2019.

OS 21/18 Tannhelseteneste

OS 22/18 Haustfest

Prosjektleiaren føreslo å arrangere ein samankomst for dei tilsette i løpet av hausten. Tilbakemeldingar har vore at det kan vere meir nyttig å arrangere felles samlingar basert på sektorar i staden for eit stort arrangement for alle tilsette.

Det er derfor ikkje like aktuelt å samle alle tilsette i denne omgang.

OS 23/18 Orientering frå kontrollutvala i Hornindal og Volda

Kontrollutvala i Hornindal og Volda, representert ved Rasmus Kirkhorn (SEKOM) og Ronald Hagen (Vest Kontroll), orienterte om sitt arbeid i samanslåingsprosessen.

OS 24/18 Mandat for analyse av helse og omsorgstenestetilbodet

Prosjektleiar Rune Sjugard orienterte kort om grunngjevinga for utarbeidinga av mandatet.

Møte slutt kl. 16:04

Rett utskrift,
Volda kommune,
Samfunn og rådgjeving
20.04.2018

Joakim Rødven
Kommunikasjonsrådgjevar